



## Konsekvensutgreiing – beltebilløype Tyin/Filefjell

### Samandrag

I samband med at Vang kommune er valt ut til å bli med i ei forsøksordning om catskiing er det utarbeida ei konsekvensutgreiing for å vurdere kva verknadane av slik aktivitet vil ha på området ved Tyin/Filefjell. I konsekvensutgreiinga tek ein omsyn til verneområder, villreinområder, reindriftsområder, friluftsliv, naturmangfald, bustad- og hytteområder, landskap, kulturminner, kulturmiljø og tryggleik for dei som kører og andre. Det blir vurdert at ein, ved å setje vilkår i forskrift, kan halde dei negative verknadane på eit akseptabelt nivå. På bakgrunn av dette kan ein tilrå å opne opp for ei prøveperiode med catskiing på Tyin-Filefjell.

### Innhaldsliste

Samandrag .....	0
Innleiing .....	1
1 Heimel .....	1
2 Området .....	2
3 Konsekvensutgreiing .....	3
3.1 Krav .....	3
3.1.1 Verneområde .....	3
3.1.2 Villrein .....	4
3.1.3 Reindrifta .....	5
3.1.4 Terrengeinngrep .....	6
3.2 Omsyn til vurdering .....	6
3.2.1 Friluftsliv/Støy .....	6
3.2.2 Naturmangfald .....	9
3.2.3 Bustad- og hytteområde .....	11
3.2.4 Landskap .....	11
3.2.5 Kulturminner og kulturmiljø .....	12
3.2.6 Tryggleik for dei som kører og andre .....	12
4 Oppsummering av konsekvensutgreiing .....	13
5 Konklusjon .....	14
6 Kjelder .....	15
Vedlegg .....	16

## Innleiing

Vang kommune er ei av 6 kommunar som har blitt valt ut til å bli med i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing. Omgrepet catskiing nyttast om å transportere skikøyrerar med løpemaskin eller beltevogn, slik at dei kan renne ned att utanfor preparerte skibakkar. Beltebilløypene skal ta utgangspunkt i eksisterande alpinanlegg som ei forlenging av skiheis. Det skal vere faste trasear, som skal merkast i terrenget og ligge inne i kommuneplanen sin arealdel som beltebilløyper. I Vang kommune er det to alpinanlegg, Raudalen Alpin og Tyin/Filefjell Skisenter. Det er foreslått ei beltebilløype ved kvart av anlegga.

Ved utarbeidning av lokal forskrift for etablering av løyper for catskiing må kommunen vise til korleis ein rettar seg etter rammer og føringar gitt i lov og forskrift. Jf. § 4a fjerde ledd i motorferdsellova har ikkje kommunen høve til å fastsetje snøskuterløyper i:

- Verneområder eller føreslårte verneområder
- Nasjonale villreinområder
- Områder som er til vesentleg skade eller ulempe for reindrifta
- Områder som krev terrenginngrep

Vidare bør ikkje kommunen fastsette løyper som er til vesentleg ulempe for følgjande omsyn, jf. miljødirektoratet si rettleiing for snøskuterløyper til fornøyelseskøyring og motorferdsellova §4a tredje ledd:

- Friluftsliv
- Naturmangfald
- Bustad- og hytteområder
- Landskap
- Kulturminner og kulturmiljø
- Tryggleik for dei som kører

Dette dokumentet er ei konsekvensutgreiing for beltebilløype i tilknyting til Tyin/Filefjell Skisenter. Konsekvensutgreiinga vil ta for seg temaa som nemnt over. Konsekvensutgreiinga for beltebilløype i tilknyting til Raudalen Alpin sitt heisanlegg kan ein finne i dokumentet *Konsekvensutgreiing – beltebilløype Raudalen Alpin*.

## 1 Heimel

Heimelsgrunnlaget for prøveordninga med catskiing kom på plass i 2017, motorferdsellova §4a tredje ledd og ny føresegn i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark §4b. Det er kommunestyret som har mynde til å fastsetje beltebilløyper for catskiing.

I tillegg har miljødirektoratet gitt følgjande rammer for forsøksordninga:


- Kommunen må ha grunneigar sitt samtykke.
- Persontransport skal gå føre seg etter faste beltebilløyper.
- Løypene kan berre nyttast for persontransport med tyngre trakkemaskiner eller beltebilar med ei eigenvekt på over 400 kg.
- Løypetraseane skal køyras opp på vinterføre med natursnø, og heile løypa skal ha berande snølag for å unngå markskade.
- Ordninga gjeld berre i eksisterande alpinanlegg, som ei forlenging av skiheis.

- For oppretting av løpetrasear gjeld dei same rammer og krav til prosess som for fastsetjing av kommunale snøskuterløyper, jf. forskrift §4a, 3.-8. ledd.
- Miljødirektoratet har presisert at forsøksordninga på 6 år gjeld frå datering av deira brev, den 7. mai 2018. Dvs. at forsøksordninga vil gjelde til og med vintersesongen 2023/2024.

Forvaltningslova sitt kapittel VII gjeld for utarbeiding og vedtak av løypekart og vilkår med dei særreglar som følgjer av forskrifa si § 4a, tredje ledd. Tilsvarande gjeld forvaltningslova si kapittel VI om høve til å klage, med dei særreglar som går fram av § 4a, åttande ledd.

## 2 Området

Den planlagde traseen for beltebilløype i tilknyting til Tyin/Filefjell Skisenter vil starte på toppen av Tørrisheisen (1086 moh) og gå bort til Finndalshorn (1256 moh). Lengde på løpetrase er 2600 m. Området løpa er tenkt lagt i er på ei fjellvidde. Naturtypen over tregrensa her er i hovudsak fjellvegetasjon i låg- og mellomalpin sone.



Figur 1 Oversiktskart over beltebilløype på Tyin/Filefjell markert med blå stipla linje

### 3 Konsekvensutgreiing

Det vil i dette kapittelet bli vurdert kva forhold som bør inkluderast i ei konsekvensutgreiing for beltebilløyper frå Tørrisheisen til Finndalshorn. Slik det står i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rettleiingsnotat for konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningsloven [6]:

*«Ved vurdering av kva ei konsekvensutgreiing skal innehalde, er det viktig at ein legg vekt på informasjon som har betydning for at ein skal kunne ta ei avgjerd i saka. Ein må konkret vurdere kva som er relevante utgreiingar, som skal legge grunnlag for å kunne ta stilling til om ein plan kan bli vedteke. Både omfang av utgreiinga, og temaene som blir utreda, vil avhenge av den konkrete planen og eigenskapane ved området. Eit viktig grunnlag for denne vurderinga vil vere innkomne uttalelser ved varsel om oppstart og uttalelser ved høyring og offentleg ettersyn.»*

Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag §4a 4.-5. ledd gjev oversikt over kva områder ein ikkje kan legge slike løyper i, og kva omsyn ein må ta:

*Løypene skal ikke legges i verneområder, foreslårte verneområder eller nasjonale villreinområder. Løypene skal ikke være til vesentlig skade eller ulempe for reindriften eller kreve terrengeinngrep.*


*Ved fastsetting av løypene skal kommunen ta særskilt hensyn til støy og andre ulemper for friluftslivet. Kommunen skal også ta hensyn til naturmangfold, bolig- og hytteområder, landskap, kulturminner og kulturmiljø og sikkerheten for de som kjører og andre.*

På bakgrunn av dette vil ein vidare dele konsekvensutgreiinga inn i to delkapittel, delkapittel 3.1 Krav som tek for seg «skal» føresegnene i forskriftera, medan delkapittel 3.2 Omsyn til vurdering tek for seg dei omsyna som skal vurderast. Innkomne innspel frå førehandsvarselet ligg i vedlegg 4 med merknadsrapport i vedlegg 5, og vil bli nemnt i dette kapittelet der det er relevant.

#### 3.1 Krav

##### 3.1.1 Verneområde


Det skal ikkje leggast snøskuterløyper i eksisterande verneområder eller føreslegne verneområder. Avgrensing av slike område er vist i Naturbase. Området på Tyin/Filefjell der ein planlegg beltebilløype er ikkje eit verneområde, det er heller ikkje foreslått verneområde her. Nærmaste store verneområder er Utladalen landskapsvernombane, Smådaladn naturreservat og Helin plantepark. På nordsida av Vangsmjøsa ligg det to mindre naturreservat. Ein ser ikkje at nokon av desse vil bli påverka av ei beltebilløype på Tyin/Filefjell i tilknyting til eksisterande skiheis.



Figur 2 Verneområder skravert med grøn farge og beltebilløype på Tyn/Filefjell markert med blå stipla linje.

### 3.1.2 Villrein

Det er forbode å legge snøskuterløyper i område som er utpeikt som nasjonale villreinområder. Området der det er planlagt beltebilløype på Tyin/Filefjell ligg utanfor nasjonale villreinområder, som vist i Figur 3. Det ligg tett opp mot Lærdal-Årdal villreinområde som ligg under den regionale planen til Nordfjella.



Figur 3 Oversikt over villreinområde [1]

Miljøverndepartementet har gitt fleire fylkeskommunar i oppdrag å utarbeide regionale planer for fjellområde som er særskilt viktige for villreinen si framtid i Norge. Nordfjella er eit av desse områda. Regional plan for Nordfjella har definert eit utredningsområde for villreinen og her inngår alle villreinen sine potensielle leveområde. Planområdet ligg sørvest for rv. 52 og ei beltebilløype på Tyin/Filefjell vil såleis ikkje vere i konflikt med dette området. [1]

### 3.1.3 Reindrifta

Snøskuterløyper skal ikkje vere til vesentleg skade eller ulempe for reindrifta. Løyper som verker inn på reindrifta sin særverdi- og minimumsområder, vil normalt bli sett på som vesentleg skade og ulempe for reindrifta. Med særverdiområde er det meint flyttelei, brunstland, kalvingsland, sentrale luftingsområde, samt område i og ved anlegg til merking, skilting og slakting. Minimumsbeite er det årtidsbeitet som set ei grense for distriktet sitt tal på rein. Kommunen skal særskilt ta omsyn til viktige vinterbeiteområde.

Som ein ser på oversikta i Figur 3 ligg Tyin/Filefell i eit område for tamreindrift. Planlagt beltebilløype ligg i området til Filefjell Reinlag. Fram Reinlag ligg nært, med område nordaust for Tyinkrysset. Filefjell Reinlag og Fram Reinlag har blitt sendt førehandsvarsel om at Vang kommune vil utarbeide lokal forskrift om catskiing, dei vil og bli ein naturleg høyningspart når forskriften blir lagt på høyring. Det har ikkje kome inn innspel frå dei to reinlaga i samband med førehandsvarselet.

Filefjell Reinlag har utarbeida ein distriktsplan [3] som gjev informasjon om korleis reinen fløt seg i løpet av året, i tillegg finnes det reindriftskart som ein kan sjå i innsynsløysinga i Kilden [4]. Området på Tyin/Filefjell er brukt som sommarbeite (ca. 20 mai – 10. september). Haustbeite/Brunstområde er i omtrent det same området som sommarbeite samstundes som reinen startar å trekke lenger aust og nedover i Smådalen (Vang) og mot Trøymsbotn og Skogshorn (Hemsedal). I november når snøen kjem startar ein å samle/flytte reinen til vinterbeite/slakting. Då samlast reinen ofte mot Smådalen og Gilafjellet i Vang, i tillegg til Lykkjestølen i Hemsedal. Deretter blir reinen flytt vidare sør aust mot Tisleidalen for slakting. Det er ikkje vinterbeite på Tyin/Filefjell.

Beltebilløypene som er planlagt på Tyin/Filefjell vil berre kunne brukast når marka er snødekt og det er i forskrift føreslått at ein ikkje skal opne opp for catskiing før 1. desember. Ein vurdera difor at denne aktiviteten ikkje vil kome i konflikt med reindrifta i området.

### 3.1.4 Terrenginngrep

*Det er ikke tillatt å planere eller opparbeide terrenget. Snøskuterløypene skal ikke gi synlige, permanente spor i barmarkssesongen. [10]*

Beltebilløypene som er planlagt på Tyin/Filefjell vil berre kunne brukast når det er snø- og isdekt mark og ein føreset at det ikkje inneber terrenginngrep.

## 3.2 Omsyn til vurdering

### 3.2.1 Friluftsliv/Støy

Miljødirektoratet har utarbeida ei rettleiing [5] i 2018 for å vurdere støy ved fastsetjing av snøskuterløyper. Støy frå bruk av snøskuter kan påverke store omkringliggjande områder, og vil for mange kunne opplevast som negativt for opplevinga av friluftslivet. Stille og ro er viktige kvaliteter ved friluftslivet. Det skal leggjast stor vekt på omsynet til friluftslivet når snøskuterløyper blir planlagt og fastsett.


Det er gitt følgjande føringar i [10]:

- Kommunen bør ikkje legge snøskuterløyper i viktige eller svært viktige friluftsområder, jamfør rettleiar om å kartlegge og verdisette friluftsområder.
- Kommunen bør halde store, samanhengande vinterfriluftsområder fri for snøskuterløyper.

Det blir i rettleiaren påpeika at det er særskilt omsynet til friluftslivet og omsynet til bustad- og hytteområde som må bli vurdert og utgreia i samband med ei støyvurdering.

For svært viktige eller viktige friluftslivsområder er det anbefalt at grenseverdien for støy ikkje bør overstige 40 dB. Kommunen bør unngå å leggje løyper slik at svært viktige og viktige vinterfriluftslivsområder blir redusert i omfang og kvalitet. For å overhalde anbefalte grenseverdiar tilrår Miljødirektoratet ein minsteavstand mellom snøskuterløype og yttergrense av svært viktige friluftsområder, denne avstanden er sett til 450 meter. Der kommunen legg snøskuterløyper innanfor denne minsteavstanden må det bli gjort ei nærmare vurdering av støy.[5]

Vang kommune utførte i 2015/2016 kartlegging og verdsetting av kommunen sine friluftslivsområder, sjå vedlegg 2 og 3. Planlagt beltebilløype ligg rett innanfor grensa til eit stort område som er kartlagt som *store turområde med tilrettelegging* og det er verdsett som *svært viktig*. Sjå figur Figur 4. Med ordet tilrettelegging er det meint tilrettelegging i form av merka sti- og løypenett med tilhøyrande overnattingssstadar. [11] I Vang kommune si kartlegging har området fått namnet *Gamlestadgofjellet – Kvamsnøse* og sesong for friluftsliv er vurdert å vere heile året. I omtala av området står det «*Høgfjellsskiområde 1000-1350 moh. Egnet for løypeski i preppa løyper, fotturer langs stier. Godt fiske i småvannene.*»




Figur 4 Verdsette friluftslivsområde. Område markert med raudt er verdsatt som «svært viktig». Beltebilløype markert med blå stipla linje og støysone i avstand 450 m frå beltebilløype markert med lys grøn farge og støysone i avstand 175 m i mørk grøn farge.

Tek ein overblikk over Vang kommune sine friluftsområder totalt, ser ein at Vang har store områder som er kartlagt som friluftsområder med tilrettelegging og fleire av dei kjem innunder kategorien som *svært viktig*, sjå vedlegg 2. Området Gamlestadgofjellet – Kvamsnøse er på om lag 55 km<sup>2</sup> og ligg i eit samanhengane område på om lag 155 km<sup>2</sup> som er verdsett som *svært viktig*. Beltebilløyna vil ligge heilt i utkanten av dette området og vil ligge som ei forlenging av den eksisterande skihisen med ei lengde på 2600 m, sjå Figur 4. Legg ein på ei støysone på 450 m rundt beltebilløyna vil det dekke eit areal på 2,9 km<sup>2</sup> og støysona vil dekke 1,5 km<sup>2</sup> av området verdsett som svært viktig for friluftsliv.

I miljødirektoratet sin rettleiar [5] blir det vurdert at ein reduksjon i hastigkeit ned til 20 km/t vil kunne redusere minsteavstanden for å overhalde 40 dB frå 450 m til 175 m. Ein reduksjon frå 450 m til 175 m vil halvere påverknaden på området verdsett som svært viktig friluftslivsområder til 0,7 km<sup>2</sup>. Det tilsvarar 0,5 % av det samanhengande området verdsett som svært viktig. Området ligg heilt i utkanten av det samanhengande området og kommunen vurderer at ein har god dekning av tilsvarande områdetype.

Området har eit stort skiløpenett med preparerte løyper som vist i Figur 5. Det er planlagt å legge beltebilløpa parallelt med eksisterande skiløype til Finndalshorn. Bakgrunnen for at ein ynskjer å legge beltebilløya parallelt med skiløypa er for avgrense verknaden på naturmangfold og landskap, samstundes vil ein samle område påverka av motorisert ferdsel. Langs med skiløypa opplever ein allereie i dag støy frå trakkemaskin som kører skiløype.

Skiløyper er viktig som tilrettelegging for friluftsliv og det vil vere ein negativ verknad for dei som går skitur langs med løypa at den motoriserte ferdselet aukar. Ved å avgrense bruken av beltebilar for catskiing til bestemte tidsrom og talet turar per dag vurderer ein at ein kan halde verknaden på friluftsliv til eit moderat nivå. Då har dei som ynskjer å oppleve det stille friluftslivet høve til å gå tur på tidspunkt då det ikkje er motorisert ferdsel. DNT Valdres og FNF Oppland har sendt innspel til førehandsvarselet, dei er i utgangspunktet negative til å opne opp for motorisert ferdsel for catskiing, sjå vedlegg 4. Dei skriv at om ein likevel får gjennomslag for å etablere catskiing har dei innspel på kva vilkår ein bør setje. Dei føreslår mellom anna at ein bør «frede» tider då det elles er lite trafikk t.d. før kl. 11, slik at dei som set pris på stille og ro kan få høve til å gå tur i området i periodar utan motordur. Vidare føreslår dei å avgrense talet turar per dag/veke.



Figur 5 Oversikt over preparerte løyper, grå farge, på Tyin/Filefjell [12]

#### Avbøtande tiltak:

På bakgrunn av vurderingane over blir det føreslege å setje følgjande vilkår i forskrift:

- Avgrense talet turar til tre turar per dag, med avgang frå toppen av skiheis til tre bestemte tidspunkt: kl. 10.00, kl. 11.00 og kl. 12.00.
- Maksimal lovleg hastigheit for bruk av beltekjørerøy i løypene er 20 km/t.
- Det skal ikkje leggjast opp til at beltebilane skal stoppe/raste langs med beltebilløypa.

Med slike vilkår blir det vurdert at dei negative verknadane på friluftsliv blir halde på eit moderat nivå.

#### **3.2.2 Naturmangfold**

I kva grad vil beltebilløypene ha verknad på regional- og nasjonalt viktige naturtypar, vilt og inngrepsfrie områder? Vil løypene påverke viktige hekkeplassar, hi, spillplassar eller liknande? For å kunne ta omsyn til naturmangfold er det viktig med godt kunnskapsgrunnlag som grunnlag for dei utgreiingar og vurderingar som kommunen skal gjere og ta utgangspunkt i naturmangfaldlova sine miljørettslege prinsipp. Utgreiingane bør bli tilpassa omfanget av løypene og områda dei går gjennom. Vinterstid er mange arter relativt sårbare grunna dårlig tilgang på mat og harde værforhold. I tillegg reproduserar mange artar i slutten av vintersesongen. Beltebilkøyring vil derfor kunne forstyrre dyrelivet meir i sårbare periodar. Det finnes relativt lite kunnskap om den konkrete effekten snøskuter-/beltebilkøyring har på

artane si overleving og reproduksjon. Når ein skal vurdere snøskuter-/beltebilltrasear og reglar for køyring, må ein derfor ofte legge vekt på føre-var-prinsippet.[8]

Miljøverndepartementet gjev døme på kva tiltak ein kan gjere for å betre verknaden på ville dyr [8]:

1. Unngå snøskuter-/beltebilløyper i enkelte områder
2. Kanaliser snøskuter-/beltebilløyper slik at det forstyrrar minst mogleg
3. Avgrens tidsrom for snøskuter-/beltebilløyper
4. Påverk køyremønsteret
  - a. Låg fart
  - b. Jamn hastighet
  - c. Unngå start/stopp langs løypa

I artsdatabanken [9] er det ikkje funne nokon registreringar av raudlisteartar i traseen til Finndalshornet. I områda rundt er det lokalisert raudlisteartar. Det er observert hare og karplanter nede i hyttefeltet som er definert som *nært trua*. Lengre inn i fjellet er det registrert karplanter som issoleie og grannsildre som og er *nært trua*. Inne ved Tenlefjorden og Røtjernet er det lokalisert fleire fuglar. Det er funne svarthalespove og vipe som er *sterkt trua*, i tillegg er det funne områder med lappspurv, havelle, svartand, fiskemåke som er *nært trua*. Utover det veit ein at det er fjellrype og lirype i området som er definert som nært trua.

For å sikre tilstrekkeleg kunnskapsnivå er det i tillegg til tilgjengeleg informasjon i artsdatabanken teke kontakt med Thor Østbye. Østbye er naturfotograf og naturkjennar, og har gjort observasjonar i området over fleire år, sjå referat frå møtet med Østbye i vedlegg 1. Av artane i området er det i følgje Østbye i hovudsak fjell- og lirypa som vil bli påverka av ei beltebilløype, sidan catskiing er ein vinteraktivitet. Ut i frå Østbye sine observasjonar på Filefjell har han sett at rypa allereie startar å hevde sitt territorie i mars/april, den dannar par i starten av april og hekking i slutten av mai litt avhengig av snøforhold. Det er lite forsking på kva verknadar det har på rypa å bli forstyrra tidleg på våren og ut ifrå det bør ein legg til grunn føre-var-prinsippet. Det er derimot gjort interessante funn i ryperregistrering på Dovre (vedlegg 1), der ein ser at rypa er relativt robust tidleg på våren. Ein har observert at dersom rypa blir forstyrra flyg den ofte vekk til område som det er lite ferdsel i, typisk bratte lier/fjellsider. Når forstyrringa er over kjem rypa tilbake til sitt territorie. Ein ser at rypa kan fly bort på dagtid og at den kjem tilbake på kvelds- og nattetid. Basert på Østbye sine eigne observasjonar og tilbakemelding frå forskerar føreslår han å avgrense periode for catskiing til 20. April.

I førehandsvarselet var det teikna inn at beltebilløypa skulle ligge på nordsida av Nedre Bøastøltjernet. Grunneigarar i Bø- og Grøvstølen Sameige kan informere om at området på nordsida av Nedre Bøastøltjernet ofte er avblåst og det blir tidleg bart her, det er eit godt beiteområde for ryper. På bakgrunn av dette er løypetrase flytt på sørsida av Nedre Bøastøltjernet, parallelt med eksisterande skiløype.

Det er i kapittel 3.2.1 vist at beltebilløypa ligg i utkanten av eit friluftslivsområde. Det er særskilt i feriar/helg at ferdselet i området er stor. Ved å legge beltebilløypa for catskiing parallelt med eksisterande skiløpetrasé, legge vilkår om talet turar per dag og maksimal køyrefart vurdera ein at den samla belastninga for ryperbestanden ikkje blir vesentleg endra.

Beltebilløypene skal gå på snødekt mark, og vurdering av naturtypar er mindre aktuelt i denne samanheng.

Det blir i [8] poengtert at stopping og aktivitet rundt skuter kan vere like eller meir forstyrrende enn gjennomkjøring i eit område.

#### Avbøtande tiltak:

På bakgrunn av vurderingane over blir det føreslege å setje følgjande vilkår i forskrift:

- Avgrense periode for catskiing, lovleg periode for catskiing fram til og med 20. april.
- Unngå å legge beltebilløype på nordside av Nedre Bøastøltjernet pga. at dette er eit godt rypeterreng om våren.
- Avgrense køyrefart til 20 km/t.
- Forbod mot at beltebil stopper langs beltebilløypa.
- Beltebil kan fråvike beltebilløypa med opp til 10 meter i horisontalplanet.
- Beltebiltrase kan berre leggast om med opp til 20 meter i horisontalplanet på grunn av t.d. vanskelege snø- og isforhold.
- Leggje beltebilløype parallelt med eksisterande skiløype.

Med føreslegne vilkår blir det vurdert at dei negative verknadane på naturmangfald blir halde på eit moderat nivå.

#### *3.2.3 Bustad- og hytteområde*

*Kommunen må ta hensyn til bolig og hytteområder – både ut fra hensyn sikkerhet, støy og forstyrrelser. [10]*

Føresleggen beltebilløype ligg på høgfjellet, den startar på 1085 moh. ved toppen av skiheis og går vidare opp til Finndalshorn på 1256 moh. Beltebilløypa vil ikkje liggje i konflikt med bustad- og hytteområde.

Bustad- og hytteområder vil kunne merke auka skikjøring i nye områder. Skikjørarar på veg ned frå Finndalshorn vil truleg køyre ned i Øvre Dalen i nærleiken av bustadområder langs E16 og Strøndafjordvegen. Skikjørarane må fraktast opp att til skiheisen og det vil følgeleg føre med seg biltrafikk. Med dei vilkår som er sett i kapittel 3.2.1 om talet turar per dag blir det vurdert at slik auka ferdsel vil vera avgrensa og vil i liten grad påverke bustad- og hytteområde.

#### *3.2.4 Landskap*

*Snøskutertraseer blir synlige både gjennom merkingen, og ved sporene som oppstår ved kjøring. Kommunen bør derfor vurdere synligheten av snøskutertraseer, og forsøke å unngå å legge traseene på åskammer eller på annen måte unødig eksponert i landskapet. Slik lokalisering har også betydning for støyvirkingene av løypene. Det er viktig at dette hensynet avveies mot sikkerhetshensyn, da skredfaren ofte er større nede i forsenkninger i terrenget enn oppe på rygger. [10]*

Området på Tyin/Filefjell er eit høgfjellsområde, 1000-1350 moh. Ei beltebilløype vil ligge eksponert i høgfjellsterrenget. Oppkjørte, merka skiløyper, er i dag utbreidd i dette området. Ved å legge beltebilløype parallelt med eksisterande skiløype til Finndalshorn vurdera ein at endringa på landskap vert i liten grad endra med tiltaket.


### 3.2.5 Kulturminner og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne langs planlagt beltebilløype [13]. Når ein legg spor på snødekt mark er det vurdert at tiltaket ikkje utset eventuelle kulturminner for auka risiko.

### 3.2.6 Tryggleik for dei som kører og andre

Kommunene bør ikke legge løyper i skredutsatte områder eller bratt terren. Omgrepet «bratt terren» omtalar terren brattare enn 30 grader. De fleste snøskred blir utløyst i områder som er brattare enn 30 grader. Snøskred kan derimot starte i moderat bratt terren som er mellom 25-30 grader. Det kan særskilt skje under dårlige vær- og stabilitetsforhold. Med «skredutsatte områder» meiner ein utløpsområder for skred. Det er områder som kan nås av snøskred som enten er utløyst fjernt, utløyst av andre eller naturlig utløyst. [10]

NVE sitt aktsemdsområde for snøskred, Figur 6, viser at beltebilløypa ligg utanfor aktsemdsområde for snøskred. Ein ser derimot at beltebilløypa vil opne opp for skikøring i eit område som ligg i aktsemdsområde for snøskred. Nedkøring frå Finndalshorn kan vera krevjande avhengig av kva rute ein vel ned. Selskapet som tilbyr catskiing må gjere fortløpende vurderingar om fare for snøskred og uvær gjer det forsvarleg å gjennomføre tur, både med tanke på turen med beltebil til Finndalshorn men og for turen ned på ski. Gjennomføring av turar må skje med god tryggleiksmargin, då det kan vere stor variasjon på deltakerane sine erfaringar, kunnskap og fysiske form.



Figur 6 Tyn/Filefjell aktsemdsområde for snøskred. Utløpssone for snøskred er merka med raudprikk fyll og utløsingssone for snøskred er merka med raudtfyll. Beltebilløype markert med blå stipla linje. [14]

#### Avbøtande tiltak:

På bakgrunn av vurderingane over blir det føreslege å setje følgjande krav om skriftlege rutinar for:

- Oppmerking og vedlikehald av beltebilløypa.

- Å vurdere når det er forsvarleg å gjennomføre turar, både i beltebilløype og for dei som skal køyre ned.
- Korleis dei som skal køyre ned blir informert om
  - Farefulle område å ferdast i.
  - Lokale vêr og føreforhold
  - Vanskegrad

Med føreslegne vilkår blir det vurdert at dei negative verknadane for tryggleiken for dei som kører og andre blir halde på eit moderat nivå.

## 4 Oppsummering av konsekvensutgreiing

Det er i konsekvensutgreiinga gjort greie for kva verknadar ei beltebilløype for catskiing vil ha på Tyin/Filefjell. I delkapittel 3.1 blir det vurdert at beltebilløype ikkje vil ligge i område som:

- Er verneområder eller føreslattede verneområder
- Er nasjonale villreinområder
- Er til vesentleg skade eller ulempe for reindrifta
- Krev terrengeinngrep

Vidare blir det i delkapittel 3.2 vurdert om catskiing er til vesentleg ulempe for omsyn, jf. motorferdsellova §4a tredje ledd. Ein vurdera at verknadane på friluftsliv, naturmangfald og tryggleiken for dei som kører blir halde på eit moderat nivå med dei vilkår som blir føresleger i utgreiinga. Dei negative verknadane på bustad- og hytteområder, landskap, kulturminner og kulturmiljø blir vurdert å vere på eit låg nivå. Summara ein opp får ein oversikta som vist i Tabell 1.

*Tabell 1 Oversikt over verknadar ved å opne opp for catskiing på Tyin/Filefjell.*

	Nivå
Verneområde	Låg
Villreinområde	Låg
Område for reindrift	Låg
Krev terrengeinngrep	Låg
Friluftsliv	Moderat
Naturmangfald	Moderat
Bustad- og hytteområde	Låg
Landskap	Låg
Kulturminner og kulturmiljø	Låg
Tryggleik for dei som kører og andre	Moderat

På bakgrunn av konsekvensutgreiinga er det utarbeida eit forslag på kommunal forskrift for prøveordninga med catskiing i Vang kommune. Med forslag til forskrift vurdera ein at det er tilrådeleg å opne opp for ei prøveperiode med catskiing i tilknyting til skiheis på Tyin/Filefjell.

## **5 Konklusjon**

I konsekvensutgreiinga er det gjort vurdering av kva verknadar catskiing vil ha på villrein, reindrift, terreng, friluftsliv, naturmangfald, bustad- og hytteområde, landskap, kulturminner, kulturmiljø og tryggleiken. Det har blitt avdekka negative verknadar som har blitt redusert ved å innføre vilkår i forslag til kommunal forskrift. Med forslag til forskrift vurdera ein at det er tilrådeleg å opne opp for ei prøveperiode med catskiing på Tyin/Filefjell.

6 Kjelder

1

<https://www.villrein.no/innledning-planer>

2

<http://www.miljokommune.no/Documents/Motorferdsel/Brev%20av%202020%20oktober%202017%20om%20planlegging%20av%20sn%C3%B8scooterl%C3%A3yper%20og%20hensynet%20til%20reindriften.pdf>

3

<https://www.fylkesmannen.no/globalassets/fm-trondelag/dokument-fmtl/landbruk-og-mat/reindrift/distriktsplaner/reindriftsplan-filefiell-tamreinlag.pdf>

4 Reinbeiteområde

5 Støv

[http://www.miljokommune.no/Documents/Motorferdsel/Veileder\\_st%c3%b8y\\_sn%c3%b8skut\\_eler%c3%b8yper.pdf](http://www.miljokommune.no/Documents/Motorferdsel/Veileder_st%c3%b8y_sn%c3%b8skut_eler%c3%b8yper.pdf)

## 6 Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rettleiingsnotat for konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningsloven

[https://www.regjeringen.no/contentassets/731d7396e7af4a66bc8d16f730d041c9/veileddningsnotat\\_ku\\_juli2017.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/731d7396e7af4a66bc8d16f730d041c9/veileddningsnotat_ku_juli2017.pdf)

## 7 Rettleiar for å kartlegge og verdsette friluftsområder

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Friluftsliv/Friluftslivsområder/Kartlegge-og-verdsette-friluftslivsområder-/>

## 8 Rettleiar naturmangfold og planlegging av snøskutertraseer

[http://www.miljokommune.no/Documents/Veileddning%20-%20Naturmangfold\\_tilbakemelding%20\(003\).pdf](http://www.miljokommune.no/Documents/Veileddning%20-%20Naturmangfold_tilbakemelding%20(003).pdf)

9 <https://artskart.artsdatabanken.no>

10 <http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Motorferdsel/Motorferdsel/Fastsette-snoskuterloyper/>

## 11 Kartlegging og verdsetting av friluftsområde

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M98/M98.pdf>

12 [www.skisporet.no](http://www.skisporet.no)

13 [www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)

14 <https://atlas.nve.no>

## **Vedlegg**

Referat møte med Thor Østbye 10.10.19

Kart over kartlagde og verdsette friluftslivsområder i Vang kommune

Rapport Vang kommune kartlagde og verdsette friluftsområde

Samla innspel frå førehandsvarselet

Merknadsrapport